



## Nytt tilbud om mammografi

For ei stund sidan fekk du invitasjon til mammografiscreening (røntgenundersøking av brysta) frå Mammografiprogrammet. **Nå vil vi gje deg ny sjanse til å nytte tilbodet.** I Noreg får alle kvinner i alderen 50 til 69 år automatisk tilbod om mammografiscreening kvart anna år. Formålet er å oppdage brystkreft i eit tidleg stadium, for at færre kvinner skal døy av sjukdomen.

I det fyrste brevet fekk du meir informasjon om undersøkinga, og eit faktaark om fordelar og ulemper ved mammografiscreening. Dette er nyttig lesing, som du kan finne igjen på nettsidene våre.

### For deg som ynskjer time:

**Bestill timen så raskt som råd, innan fire månader.**



Dersom du **ikkje ynskjer invitasjonar**, kan du gje oss beskjed slik at du ikkje får fleire brev. [Kontaktinformasjon finn du på nettsidene våre.](#)

Sjå neste side for å lese om kva **Mammografiprogrammet** er, **kostnader** ved undersøkinga og andre **praktiske forhold.**



Du kan reservere deg mot lagring av personopplysningar ved normale funn i Mammografiprogrammet. Meir informasjon om dette og om Mammografiprogrammet finn du på nettsida vår [www.kreftregisteret.no/mammografi](http://www.kreftregisteret.no/mammografi)

Med vennleg helsing

*Solveig Hofvind*

Solveig Hofvind, leiar for Mammografiprogrammet



## Kva er Mammografiprogrammet, og kvifor får du dette tilbodet?

- I Noreg får alle kvinner i alderen **50 til 69** år automatisk tilbod om røntgenundersøking av brysta, såkalla mammografiscreening, **kvart anna år**.
- Mammografiprogrammet er eit **offentleg** og **frivillig** tilbod som vert leia av Kreftregisteret.
- Regelbunden mammografi er i dag den beste metoden vi har for å oppdage brystkreft i eit tidleg stadium, slik at færre kvinner skal døye av sjukdomen.
- Det kan òg vera nokre ulemper ved mammografiscreening, som risiko for overdiagnostikk.
- Informasjon som kan hjelpe deg til å finne ut om du ynskjer å nytte dette tilbodet, vart sendt deg i det fyrste brevet. Informasjonen er lett tilgjengeleg på nettsidene våre, eller du kan få han på nytt ved å kontakte oss.



## Betaling og reisekostnader

- **Pris kr.**
- Beløpet inngår ikkje i frikortordninga.
- Vi ser helst at du betalar med bankkort, men bankgiro er òg ei moglegheit.
- Du må sjølv dekke eventuelle reisekostnader. Screeningundersøkinga inngår ikkje i ordninga for pasientreiser.



## Kor lenge kan du nytte dette tilbodet?

- Du må bestille timen innan **fire månadar**.
- Om **vi ikkje høyrer frå deg**, vil du få ein **ny invitasjon om to år** dersom du framleis er i aldersgruppa.

## Ynskjer du ikkje fleire invitasjonar?

Du kan gje beskjed til Kreftregisteret via [krefregisteret.no/mammografi](https://krefregisteret.no/mammografi), eller på tlf. 22 45 13 00 eller e-post [mammografi@krefregisteret.no](mailto:mammografi@krefregisteret.no).

Vi treng namn, adresse og fødselsdato, samt informasjon om du vil avstå frå invitasjonar i ein periode eller for alltid.

Unngå å sende fødselsnummer og helseopplysningar i e-post!



Følg oss gjerne på Facebook  
[www.facebook.com/kreftsjekken](https://www.facebook.com/kreftsjekken)

Sist oppdatert juni 2020